



**Sjølvs om ingenting kostar meir enn 10 kroner, blir det ein bra sum etter ei tid.  
Cafe Tlaren har såleis mellom anna seld lappar, rundstykker, vaflar, mjølkeakar og sjokoladecake for rundt rekna 17 000 kroner på berre 3 månader.  
I det same tidsrommet har dei flinke dugnadsdamene hatt besøk av 40 vaksne i snitt på kvar opningsdag, som er tysdag.,**

Leiinga i Uskedalen Utvikling, som står bak dette tiltaket, har all grunn til å vera fornøgd.

I mai, juni og juli har topp-besøket vore 61 vaksne og botn-besøket 19, men stort sett har det lege rundt 30/40.

Det har vore merkbar betre i juni og juli enn i mai.

Også i dag var det bra besøk, med 50 vaksne og 17 born.

Når det gjeld eit nytt tiltak knytt til tysdagsopninga i Gamleskulen - vi siktar til 'Gå ein tur først' - har oppslutnaden variert sterkt. I dag gjorde 6 ein runde i sentrale delar av bygda før kafevisitten. Men også no glimra dei yngre og mennene med sitt fråver. Kvar er dei på ein dag som denne?

På biletet er dei 6 og frå venstre står Sella Hjørnevåg, Martha Bakke, Gudrun Eidsvik, Dagny Haugland, Johanna Yri og Ester Mørstad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen